



FYLKESMANNEN I HORDALAND
Landbruksavdelinga

Sakshandsamar, innvalstelefon
Jørgen Frønsdal, 55 57 21 73

Vår dato Vår referanse

12.03.2004 2003/23139

Dykkar dato Dykkar referanse

Landbruksdepartementet
postboks 8007
0030 OSLO

Landbruksdepartementet	
Saksnr:	Dato:
2003 / 03044 - 127	
Mottatt:	16 MAR 2004
Sakshand:	Ark:
ASR/JUR/IAI	482
Kop:	Avtell:

Uttale høyring skoglov- Fylkesmannen i Hordaland

Vedlagt følger uttale ny skoglov – fra Fylkesmannen i Hordaland. Dette er også å se på som innstilling til fylkeslandbruksstyret.

Saka blir lagt fram på første møte i fylkeslandbruksstyret 25.03.04.

Uttale fra Fylkeslandbruksstyret vert sendt L.dept. når denne ligg føre.

Jørgen Frønsdal
seniorrådgjevar

yedlegg

Landbruksnemnda
i

Fylkeslandbruksstyret
i Hordaland

Møtedato: 25.03.04

Saksnummer: V 03/ 04

Reg.nr.:

Saksbehandler: Jørgen Frønsdal

Forslag til ny lov om skogbruk- Høyring

Fylkesmannen har i brev av 04.12.2003 fått til uttale forslag til ny skoglov til høyring.

Lovforslaget er sendt på høyring til både fylkeslandbruksstyret og fylkesmannen.

Historikk:

Første lova i Norge som hadde reglar for skjøtsel og utnytting av skogressursane er fra 1863. Det er seinare komme ei rekke revisjonar, og dagens lov er fra 1965 - med ein del viktige endringar i 1976 , der ein mellom anna fekk styrka miljøprofilen.

Landbruksdepartementet peikar på fire viktige forhold som no gjer det nødvendig med ny lov om skogbruk:

- * Internasjonale tilhøve
- * Landbruket endrar struktur og får nye utfordringar
- * Endra rammevilkår for skogbruket og omlegging av skogpolitikken
- * Krav om betre miljøomsyn

Generelt om lovforslaget:

Tal paragrafar i lovforslaget er i høve til den gamle lova kraftig redusert (frå 58 paragrafar til 21 paragrafar). Lovforslaget legg opp til at departementet kan fastsetja eigne føresegner på fleire område.

I så måte gjer Landbruksdepartementet merksam på følgjande i samband med høyringa:

"Lovutkastet omfattar forslag om heimlar for forskrifter for m.a. omsyn til miljø og for forynging av skog. Det er ønskjeleg at høyningsinstansane og gjev sitt syn på aktuelt innhald og detaljeringsgrad i slike forskrifter."

Landbruksdirektøren ser det som positivt at prinsippet "fridom under ansvar" blir vidareført, samstundes som miljøaspekta synest å vere godt ivaretakne.

I forslaget er det ikkje med eigen paragraf om omdisponering av skogsmark til andre føremål. Slike omsyn skal no vurderast gjennom Plan –og bygningslova, og gjennom jordlova. Jordlova må etter dette justerast.

Landbruksdirektøren legg til grunn at vern av skogsmark venteteg vil bli godt teke i vare gjennom dei to nemnde lovene. Samstundes vert det på denne måten understreka at skoglova er ei næringslov og ikkje ei areallov.

Merknader frå landbruksdirektøren:

Kommentar til nokre utvalde paragrafer

§ 1 Formålsparagrafen.

Framleggget er ei innsnevring av gjeldane lov andsynes det faktum at Stortinget tydeleg har sagt at skogbrukslova framleis skal vere ei næringslov. Næringsaspektet bør kome tydlegare fram i formålsparagrafen, utan at omsynet og ansvaret for miljøet – og friluftslivet blir svekka.

§ 4 Skogeigar sitt forvaltaransvar.

Forvaltaransvaret til skogeigar kjem her tydeleg fram, det er bra. Det er også positivt at lovframleggget rettar seg mot skogeigaren, og at tilhøve til entreprenørar og andre er av privatrettsleg karakter.

I 2. ledd er det føreslått at departementet skal ha heimel til å fastsetje eigne føresegner om miljøomsyna knytt til ulike tiltak i skogbruket. Det kan verke positivt ut frå at det ikkje berre er skogeigar som har relevante meningar om forvaltning av skog- det har også ålmenta. Det er i samband med ein interessekonflikt mellom skogeigar og samfunnet elles at ei slik føresegn er viktig. Føresegna vil vere ei rettesnor for både partar.

Alternativt til ei detaljert miljøføresegn kan vere ein frivillig sertifisering ved sal av tømmer. Ulempen med ei slik ordning ,er mellom anna at den ikkje vil fange opp all skoglig aktivitet. (vedhogst til dømes).

Ei miljøføresegn vil derfor etter landbruksdirektøren sitt syn syte for nødvendig kvalitetssikring ,og styrke omdøme til norsk skoglovgjeving og skogforvaltning.

Omfang og detaljeringsgrad i ein slik føresegn må bli enklast mogeleg.

Framleggget til miljøføresegn som departementet sendte på høyring i samband med skogmeldinga vil vere eit godt utgangspunkt å byggje vidare på.

§ 6 Forynging og stell av skog.

I den nye lova er det lagt opp til ei innskjerpning av foryngingsplikta. Bakgrunnen er ein redusert aktivitet og innsats innan skogkultur , og at det derfor er naudsynt med klare føresegner med heimel i lova. Kravet om foryngingsplikta må sjåast i samanheng med bruk av skogavgift (Skogfond). Skogeigarane i vårt fylke har p.t. lite inneståande skogavgift – og kravet til foryngingsplikt kan derfor bli tyngande for skogeigar, og krevjande for kommunane å følgje opp. Føresegna hadde verka meir logisk dersom lovgjevaren også følgde opp med tilskott til forynging.

Over 60 % av skogareala i Hordaland har ein høg bonitet (over G 17). Ventetid på 5 år for naturleg forynging er lang tid på høgbonitet. Skjermstillingshogst av gran med naturleg forynging er lite aktuelt , planting er einaste aktuelle foryngingsmåte . Høgbonitet mark vil raskt forvillast etter hogst, sjølv med hogst av furu. Vi rår til å endre ventetid til 3 år for høg bonitet på Vestlandet. For lågare bonitetar kan fristen godt setjast lenger (t.d. 6 år for middels bonitet, og 10 år for låg bonitet).

Landbruksdirektøren vil elles påpeika at ambisjonsnivået i føresegna bør leggjast slik at det sikrar ein god kvalitet og produksjon på framtidsskogen, samstundes som den gjev grunnlag for ei praktisk forvaltning ute i kommunane

§ 7 Vegbygging i skog.

Det er positivt at ein legg til grunn den nytten vegen får også for anna næringsverksemd knytt til landbrukseigedomen. Det vil kunne gje betre heilskapsløysningar, og eit rasjonelt vegnett.

§ 8 Hogst og måling.

Etter framleggget er det ikkje lenger forbod mot hogst av ung skog. Så lenge det ligg ei bevisst økonomisk vurdering til grunn frå eigaren, er det ikkje trond for eit slikt forbod . Men vi har dessverre røynsle for hogst av ung kulturskog ,der det ligg andre motiv enn det økonomiske til grunn. Det er skogfagleg uheldig.

§9 Førebyggande tiltak.

Det er – rett nok med klamme – i lovframleggget 2. ledd lagt til grunn at kommunen kan fastsetja ei tolegrens for beiterykk/skader på skog under forynging. I Hordaland er hjortestamma fleire stader så høg at den gjer stor skade på skog. Det gjeld spesielt barkgnag og feiring på granskog. Vi meinat at dette leddet i lovframleggget må takast med, og at det ikkje berre gjelde forynging, men også generelt skade på skog.
Praksis syner at det kan vere motsetningar mellom skog- og viltinteresser. Det bør derfor takast med kva for tiltak som kan settjast i gang, og kva avvegingar som skal leggast til grunn mellom denne lovparagrafen og aktuelle føresegna i anna lovverk t.d.viltlova.

§ 12 Vernskog.

Vi meiner lovframleggget er viktig, sjølv om det med dagens aktivitet i skogbruket er svært liten risiko for skadar i vernskog. Men tilhøva kan endre seg i den nye lova si levetid.

§13 Skogområde med viktige miljøverdiar.

Vi er samde i at lova bør ha ein slik paragraf. Den vil kunne gje ein fleksibel forvaltning av skogområder med spesielle miljøkvalitetar. Men den må praktiserast slik at restriksjonane ikkje blir for sterke . Då må eit anna lovverk nyttast, t.d. naturvernlova.

§ 14 Innbetaling til skogfond.

I lovframlegget nyttar ein omgrepet skogfond - framfor skogavgift. Det er bra - ettersom dette gir ei betre forståing av ordninga slik den er lagt opp og blir nytta i dag og fjernar den mistydinga om at dette er ei avgift til staten. Fondsavsetjinga bør normalt vere vesentleg høgare enn 2 % av bruttoverdien. Det bør derfor vurderast å setja satsen høgare, og alternativt kunne dispensere etter søknad dersom det er urimeleg å krevja innbetaling med ein slik høg sats.

§ 15. Bruk av skogfondet.

Det er lista opp kva føremål skogfondet primært kan nyttast til. Vi meinat bruk av midlar frå skogfondet til skogsvegbygging , og spesifikt må nemnast som eit aktuelt føremål . Det er det viktigaste tiltaket ein har for å få ei høgare aktivitet i skogbruket, og vi veit at det manglar mange skogsvegar i fylket vårt for å få ei tilfredstillande vegdekning.

Framlegg til vedtak:

-
1. Fylkeslandbruksstyret seier seg samd i innstillinga frå landbruksdirektøren og støttar framlegget om at ny skogbrukslov bør vera ei næringslov der prinsippet om fridom under ansvar skal gjelda.
 2. Fylkeslandbruksstyret vil påpeike at presise føresegner med heimel i skogbrukslova vil vere avgjerande for den praktiske forvaltinga ute i kommunane. Vi vil her spesielt nemne foryngingsplikta og definisjon av tilfredstillande forynging.
 3. Fylkeslandbruksstyret vil at bruk av midlar av skogfondet til skogsvegbygging må takast med i opplistinga i § 15 som aktuelle føremål.
 4. Fylkeslandbruksstyret syner elles til merknadene frå landbruksdirektøren og seier seg samd i desse.
-